

Forbipasserande i bil og snøggbåt til Bergen har nok sett spørjande augo kva ærverdig gammal gard som ruvar ved sjøen like inne ved Alværn ved Lavik. Det er den gamle fute-garden med rike tradisjonar attende til 1600-talet.

Den lange låna på garden er frå 1600, og har i si velmakts-tid vore drengestove, Hovud-bygningen er frå 1773. Simon Hansen var då danskefut. Ein svært rimeleg fut, seier ætta.

### Kone frå Bjordal

Futen fann seg kone frå Bjordal. Christina Finde, f. Harberg. Ho var dotter av futen Ananias Harberg frå Bjordal. Medgelta hennar var mellom anna eit hus frå Bjordal, som vart bygt saman med stovhuset til futen her i Lavik. Den store hovudbygningen slik den er i dag, er altså frå 1773, og stova frå Bjordal står vegg i vegg — kanskje frå 1600-talet?


Futen fekk to døtrer, og Eidsvoll-mannen Ole Elias Holk gifte seg med ei av døtrene. Han var generaladjutant. I 1914 vart det avduka ein svær bauta her på garden til 100 års minne. Holk døydde i 1842, 62 år gammal. Dei hadde to døtrer.

Dottera Christine Finde Holk gifta seg så med kaptein Hartvik frå Røyken, og foreldra hans var overtollar Hartvik med frue. Kona til kaptein Hartvik døydde heller ung. Han gifta seg då med systeran hennar, Matta Margareta Holk. Dei hadde ingen born.

Garden vart selt til Bjørn E. Fjærstad frå Balestrand i 1889. Kona hans var Kristi Mundal. Sidan har garden vore i slekta. Noverande eigar er Bjørn og Marit Landås.

### Husmorskule

Marit Landås kan fortelje at husmorskulen var i huset frå 1923 til 1956. Skulen hadde



Eidsvollsmannen Ole Elias Holk vart i 1914 heidra men ein bauta.

20 elevar. Storstova var i alle høve handarbeidssal.

Lærarinner som Ringstad og Solheim har vore her. Skulearet var halvårseiningar. Rundt 1955 vart det planlagt å bygge ny husmorskule i Lavik. Tomtearbeidet var byrja,

men så kom det stoppordre! Vedtak: Husmorskulen skulle byggast i Førde. Ei 33-års husmorskulesøge på fute-garden tok slutt i 1956.

### Storgard

— Var garden større i futeti-da?

— Det seiest at gardar både i Hyllestad og Lavikdal låg under futesetet her. Ein stor-gard med andre ord. Futen, ytte endå midlar til bygging av kyrkja her i Lavik. Ettermålet seier at futen var ein særstak kjempe.

— Var det jektefart her ved Fute-garden?

— Alt tyder på det. Namnet Alværn har to tydingar. All slags ver tok her, eller det var vern for veret. Ei svær jekt er no hos Dei Heibergske Samlinger eller båtmuseet i Kaupanger.

### Stort måleri

I sjølve futehagen stod også eit lysthus. Det er også ved Dei Heibergske Samlinger. I lysthuset hang eit stort måleri, signert S. Leemans 1652.

Nærare 300 år gammalt er dette ekte måleriet, måla på lerefelt. Måleriet heng no i fute-stova og ruvar over ein heil vegg. Storleiken er 249 cm x 176 cm. Danskefuten har nok fått det frå Danmark eller Holland etter målaren å dømme.

Måleriet burde ha sin plass på eit museum, hevdar Marit Landås.

### Bortgøymd perle

Det om lag 200 år gamle huset er verneverdig. Men takket er därleg. Midlar vert gitt — men altfor lite. Skal noko gjerast, må ein sjølv legge alt ut, for så å få attende noko når arbeidet er gjort. Dette gjer alt restaureringsarbeidet tungt, seier Landås.


Futehagen skal me ikkje gløyme med solur, murar, vill kaprifol og eldgamle rosetre som knapt finst maken til. Rundt fute-gardstunet ruskar havgula mild i edelgran, lerk, lønn, eik, gran, furu og kas-tanje.

Ei bortgøymd perle ved Sog-nefjorden som er vel verd å take vel vare på.

# mle garden

stall. Dei fire siste var tømra og stod tett saman. Tett ved eitt av fjøsa stod vete-huset, også av tømmer. So var det 5 sommarfjøs ved utmarksgarden: saue-, gei-

og sag. Eit sokalle tørkehus tente til å tørke never i. Eit naust. Desutan var det 4 hjelpe-løyer på bøen, 3 løyer på Strandsletta (bruk 4 i dag). 4 markeløyer til utmarks-



Frå Førde  
Bygdebok

Av Finn B. Førsund.

Ikkje ein drope